

# INNSPEL TIL AREALPLAN FOR SOGNDAL KOMMUNE – ETABLERING AV JORD/MASSEDEPONI OG PUKKVERK

Kaupanger Hovedgård som grunneigar gjer framlegg om at areal ved skytebana vert sett av som areal til pukkverk og Jorddeponi i arealplanen. Arealet til pukkverk er planlagd som underjordisk steinbrot etter at stuff og uteområde er etablert, jf vedlagte kart.

Uttak av steinmassar på Myradn syner at Kaupanger inneheld steinmassar av høg kvalitet som det er stor etterspurnad etter. Steinmassane på Myradn er radonfri. Vi har eit håp om at massane ved Skytebana er av same kvalitet. Radonfrie massar er eit krav i grunnarbeid til offentlege bygg og større næringsbygg.

Pukkverket er føreslått på eit avgrensa område. Med underjordisk drift vil det òg vere enklare å gjere grep som ikkje er i konflikt med dei kulturhistoriske verdiane i Kaupanger. Eit pukkverk bak skytebana vert lagt slik at det vert lite synleg mot Eidsgrendi. I motsetnad til bustadutbygging vil tiltaket, med underjordisk pukkverk ha mindre konsekvensar for hjort og friluftsliv.

Arealet for jorddeponi ligg inntil vegen til skytebana, og er omkransa av skogsbilvegen som går i retning Hatleggi (Kjelkesteinsvegen).

Dei føreslegne areala vil etter Kaupanger Hovedgård sin vurdering være i samsvar med den vedtekne samfunnsplanen til Sogndal Kommune. Vi syner her til Direktoratet for Mineralforvaltning sitt brev til Samfunnsplanen datert 07.05.2021, særskilt Direktoratet sin uttale om FN sine bærekraftsmål: «*Dei nasjonale forventningane viser til at «Uttak av byggeråstoff (Pukk, grus, sand) til bygge- og anleggsføremål med korte transportavstandar og redusere klimautslepp er viktig. God arealplanlegging kan bidra til dette. Det er viktig at kommunen vurderer om kommunens framtidige byggeprosjekt har tilgang på slike ressursar. Tilgang på byggeråstoff må sjåast i ein regional perspektiv i høve kor det er behov for masser og transportavstand. Kort transportavstand bidreg til å redusere utslepp og er økonomisk gunstig. Dette er eit viktig prinsipp i dei nasjonale forventningane.*

 Etter Kaupanger Hovedgård si vurdering finst det ikkje noko alternativ i Sogndal kommune som betre samsvarar med innspelet frå Direktoratet. Pukkverk ved skytebana vil gi minimale utslepp i høve til transportavstand og forbruk av drivstoff.

Miljødirektoratet har utarbeidd ein rapport «Tverrsektorielt prosjekt om disponering av jord og stein som ikke er forurensset»(Rapport M-2074/2021. Vi syner her m.a. til s. 33 Tiltak 2.1: «*Sette av tilstrekkelig areal til håndtering av overskuddsmasser Det er ofte vanskelig å få satt av egnede og store nok arealer til mottaksanlegg og annen håndtering av overskuddsmasser. Hensikten med tiltaket er at det gjennom regional og kommunal arealplanlegging skal settes av tilstrekkelig areal til håndtering av overskuddsmasser. Både områder for midlertidig lagring og behandling av overskuddsmasser, og områder for permanent etablering av mottaksanlegg som kan ta imot overskuddsmasser til gjenvinning og til sluttdisponering (jfr. tiltak 2.2)*» (vår utheving).

Det er svært sannsynleg at det vil komme strengare krav til handtering av masser frå overordna myndigheter dei neste åra, jf. m.a. anbefalingane i Miljødirektoratet rapport M-2074/2021. Dersom kommunen skal klare å oppfylle Samfunnsplanen, vil areala som vi har føreslege, jf. vedlagte kart, være dei einaste område som stettar viktige målsetjingar i samfunnsplanen, og framtidige krav.

## KAUPANGER HOVEDGÅRD

JEKTESTROND 2 • 6854 KAUPANGER • ORG. NR. 912068919 • POST@HOVEDGAARD.NO • TLF. 92 82 59 58  
FACEBOOK.COM/PAGES/ KAUPANGERHOVEDGAARD



For Kaupanger Hovedgård er det viktig at det vert lagt til rette for at vi kan utnytte dei ressursane som ligg på eigedomen. Ressursane vil kunne gje Kaupanger Hovedgård inntekter i lang tid framover, og viktige skatteinntekter for kommunen og vere med på å etablere nye og trygge eksisterande lokale og regionale arbeidsplassar.

Plasseringa av pukkverk ved skytebane er nøyne vurdert etter dei erfaringar vi har hatt frå Myradn. Arealet er langt frå busetnad. Topografien vil truleg føre til at dert vert minimale konsekvensar med omsyn til støy. Ved at drifta av pukkverket etter kvart er planlagd i fjell, vil støyproblematikken verte ytterlegare redusert. Vi er opptekne av at eit pukkverk og jorddeponi berre kan etablerast dersom krava til Direktoratet for Mineralforvaltning om berekraftig bruk av mineralressursane kan oppfyllast.

For Sogndal kommune som regionsenter er det særstakt viktig at ein no har ein god plan på utnytting av mineralressursane i kommunen. Slik vi har forstått finst det ikkje godkjente jorddeponi i nokon del av kommunen.

Kaupanger Hovedgård vil syte for at lysløypa i området vert tatt omsyn til gjennom dialog med idrettslaget og Sogndal Skyttarlag.

Med helsing

Nils J. Knagenhjelm

**KAUPANGER HOVEDGÅRD**

JEKTESTROND 2 • 6854 KAUPANGER • ORG. NR. 912068919 • POST@HOVEDGAARD.NO • TLF. 92 82 59 58  
FACEBOOK.COM/PAGES/ KAUPANGERHOVEDGAARD

